nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

Nordfjordeid
Ålesund
Førde
Vågå

# Oppsummering innspel - planoppstart

| | |
|---|---|
| **Plannamn** | Detaljregulering Moldestad næringsområde |
| **Plan-ID** | 201904 |
| **Saksnummer (Nordplan - kommune)** | 19139 – 20/1041 |
| **Utarbeidd av** | Arild Rindal |
| **Datert/revidert** | 06.06.2022 |

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordabladet avis og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 20.12.2019. Det kome inn 10 innspel. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

| | **Dato/ avsendar/ gbnr** | **Oppsummert innspel** | **Nordplan sin kommentar** |
|---|---|---|---|
| 1 | 13.11.2019/ Kennet Moldestad/ 270/9 -1/2 part | **Fra:** Kenneth Moldestad<br>**Til:** May-Britt Drage Bakke<br>**Emne:** Pelagia Moldefjorden<br>**Dato:** onsdag 13. november 2019 14.19.50<br><br>Hei !<br><br>**Viser til brev med varsel om planoppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden.**<br><br>**Finner det merkelig at avgrensa område er trukke langt inn på gbnr. 70/9**<br><br>**Grensa går ca. der vedlagt frådelingskart viser (gult felt)**<br><br>**Dette området blei frådelt i 1993 – har dokumentasjon på det. Mulig at kart frå Fylkesatlas ikkje er oppdatert.**<br><br>**Vil gjerne ha ei forklaring på korleis dette heng i hop !**<br><br>**Mvh.**<br>**Kenneth Moldestad ( Eigar av gbnr. 70/9 -1/2 part)** | Det var på eit tidleg tidspunkt aktuelt å gå i dialog for å finne fram til ei mogleg felles tilkomstløysing for Pelagia og naboar i aust. Dette har ein i løpet av prosessen gått vekk ifrå då Pelagia ønskjer å behalde avkøyrsla som den er plassert i dag, men med utbetra svingradius for vogntog. Planforslaget legg no ikkje opp til å gå utover grensene til Pelagia, og for å skjerme naboar i aust mot innsyn er det regulert inn ein vegetasjonsskjerm mellom næringsområdet og naboane. |

p:\2019\19139 detaljreguleringsplan for pelagia selje\8 plandata plan_infrastruktur\dokument\03_varsling\innkomne

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | **Fra:** Hanne Marie Utvær<br>**Til:** May-Britt Drage Bakke<br>**Emne:** SV: Pelagia / Hanne Marie Utvær<br>**Dato:** mandag 2. desember 2019 14.35.24<br>**Vedlegg:** image005.png<br><br>Hei ☺<br>No har eg teke ei runde her på kontoret og fått stadfesta at arealet der ny tilkomstveg er foreslått, høyrer til gbnr 70/2. (Sjå kartutsnitt).<br>So har eg prata med eigar av gbnr 70/9, som trudde at dei eigde arealet heilt bort til Pelagia, han viste til ei frådelingssak frå 1994. Denne fins ikkje i matrikkelen, og eg råda han til å kontakte eigar av 70/2 for å finne ut kva som kan ha skjedd med denne frådelinga.<br>Vidare oppmoda eg han til å kome med innspel til planarbeidet.<br><br>Med venleg helsing<br>Hanne Marie Utvær<br>samfunnskontakt – plan og utvikling<br>91102779<br><br>Selje kommune<br>www.selje.kommune.no<br>578 58 500/post@selje.kommune.no<br>Følg oss på Facebook og Instagram<br><br>**Fra:** May-Britt Drage Bakke <mb@nordplan.no><br>**Sendt:** mandag 2. desember 2019 14:22<br>**Til:** Hanne Marie Utvær <Hanne.Marie.Utver@selje.kommune.no><br>**Emne:** SV: Pelagia / Hanne Marie Utvær<br><br>Hei<br>Det stemmer at vi vart oppringt av naboen og at eg prøvde å forklare han kva som var tenkt, men eg kan ikkje ha gjeve han noko god forklaring ser det ut som…<br><br>Det eg sa var at omrisset til utvida næringsareal var henta frå KPA (formålsgrensa til BN) og at det var korrekt at det såg ikkje ut til å vere heilt i samsvar med nye eigedomsgrenser i aust – noko vi må ta omsyn til i reguleringsplanen (frådelinga).<br>Vidare meinte eg at eg forklarte at vi skal vurdere ny tilkomstveg innanfor det grå feltet, men at nøyaktig plassering av veg var ikkje avklart no. Det òg var innanfor hans eigedom – slik det ser ut som han meiner i e-posten til Selje. Han viser kanskje | |

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>
til området mellom gbnr. 70/9 og 70/26? Der er eit areal som ikkje står gbnr. på og som kanskje han er grunneigar til? Dette arealet er del av det grå feltet vi har vist som mogleg framtidig areal til ny tilkomstveg.<br>

<br>
Venleg helsing<br>
May-Britt<br><br>
**Fra:** Hanne Marie Utvær <Hanne.Marie.Utver@selje.kommune.no><br>
**Sendt:** mandag 2. desember 2019 13.15<br>
**Til:** May-Britt Drage Bakke <mb@nordplan.no><br>
**Emne:** VS: Pelagia / Hanne Marie Utvær<br><br>
Hei ☺<br>
Sjå førespurnad under; det grå feltet han syner til er framlegg til ny tilkomstveg. So vidt eg kjenner til er ikkje dette framlegget henta frå ein eksisterande reguleringsplan, men er eit nytt forslag frå tiltakshavar i samband med pågåande reguleringsplanprosess.<br>
Eigar av dette arealet er etter det eg kan sjå May-Britt Karlsen. Eg forstår ikkje kva avsendar meiner, eg ikkje kan sjå at framlegget til ny tilkomstveg er på hans eigedom 70/9.<br>
Med venleg helsing<br>
Hanne Marie Utvær<br>
samfunnskontakt – plan og utvikling<br>
91102779<br><br>
Selje kommune<br>
www.selje.kommune.no<br>
578 58 500/post@selje.kommune.no<br>
Følg oss på Facebook og Instagram<br><br>
**Fra:** Selje Servicekontor <Selje.Servicekontor@selje.kommune.no><br>
**Sendt:** mandag 2. desember 2019 09:17<br>
**Til:** Hanne Marie Utvær <Hanne.Marie.Utver@selje.kommune.no><br>
**Emne:** VS: Pelagia / Hanne Marie Utvær<br><br>
**Fra:** k-inmold <k-inmold@online.no><br>
**Sendt:** fredag 29. november 2019 16:10<br>
**Til:** Selje Servicekontor <Selje.Servicekontor@selje.kommune.no><br><br>
**Emne:** Pelagia / Hanne Marie Utvær<br><br>
Viser til SMS 22/11-19 og "Varsel om oppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden" datert 06.11.19.<br>
Ønsker forklaring på hva den grå trekanten merket "Ny tilkomst" (se vedlegg) skal bety.<br>
Har vært i kontakt med Mai-Britt hos Nordplan om dette, men fikk ikke noe godt svar annet enn at det var hentet fra en eller annen reguleringsplan. Dette området ligger jo godt inne på eiendommen 70/9 og ser ut til å følge den gamle grensen mot vest fra før ca.1994.<br>
Ny grense fra 1994 skal vel følge ca. kanten på det gule området på frådelingskart datert 12.09.17<br>
(Vedlegg) Hører gjerne fra Selje kommune om dette.<br><br>
Mvh. Kenneth Moldestad , Solsvingen 40 6014 Ålesund (grunneigar 70/9)<br><br>
Sendt fra Galaxy Tab.
</td>
<td></td>
</tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | nordplan<br>arkitektur<br>konstruksjon<br>landskap<br>Nordfjordeid<br>Ålesund<br>Førde<br>Vågå<br><br>Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar.<br><br>Dato: 06.11.2019<br>Vår ref: May-Britt Drage Bakke<br><br>**Varsel om planoppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden**<br><br>I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 blir det med dette varsla oppstart av detaljregulering for Pelagia Moldefjorden i Selje kommune.<br><br>**Oppdragsgjevar:** Pelagia AS, avdeling Selje. Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er Asbjørn Bøstrand.<br><br>**Planområdet:** Er på om lag 115 daa og er lokalisert på sørsida av Moldefjorden, aust for Salt og Moldestadneset. Området omfattar mellom anna gbnr. 70/17-18, 70/26 og delar av 70/2. Det er ca. 10 km køyreveg frå Pelagia til Selje sentrum.<br><br><br>*Figur 1 Kart som syner lokalisering og avgrensing av planframlegget (markert med svart linje). Kart henta frå Fylkesatlas.*<br><br>**Kort om situasjonen i dag:** Det er i dag aktivitet på området i form av mottak og filetering av pelagiske fiskeslag, hovedsakelig makrell som rundfrysast for eksport. Det blir òg sendt fersk fisk, som til dømes til Stabburet sin fabrikk i Kugnshavn der Pelagia AS er tilnærma eineleverandør.<br><br>For meir informasjon om drifta sjå heimesida: https://pelagia.com/facilities/pelagia-selje/<br><br><br><br><br>**Fra:** Kenneth Moldestad<br>**Til:** May-Britt Drage Bakke<br>**Emne:** Pelagia Moldefjorden<br>**Dato:** søndag 15. desember 2019 17.55.27<br><br>Hei!<br>Viser til min e-post av 13.11.2019 og ønsker med dette å komme med ytterligere kommentar til "Varsel om oppstartsplan for Pelagia Moldefjorden"<br>Eiendommen mot øst (70/9) blir betydelig berørt av denne utvidelsen som Pelagia planlegger.<br>Så lenge utmarksområdet med skog mellom Pelagia og 70/9 blir stående burde det likevel bli så pass med skjerming<br>at naboskapet blir til å leve med.<br>Ser med bekymring på muligheten for ny tilkomst (det grå feltet)<br>Om dette blir realisert vil nok det bety rasering av skjermende skog og verdien av 70/9 som fritidseiendom vil bli forringet til et minimum. Eiendommen vil i hvert fall ikke være salgbar.<br>Dette vil dessuten berøre adkomst til grendahus i stor grad med tanke på parkering for besøkende og<br>barns ferdsel og aktiviteter i området.<br>Håper dette blir tatt hensyn til i den videre planlegging.<br><br>Mvh. Kenneth Moldestad (Eier av 70/9 – ½ part) | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2 | 29.11.2019/<br>Kystverket/ | KYSTVERKET<br>Vest<br><br>NORDPLAN AS<br>Postboks 224<br>6771 NORDFJORDEID<br><br>Dykkar ref.: Vår ref.: 2019/4022-4 Arkiv nr.: Saksbehandlar: Turid Susort Jansen Dato: 29.11.2019<br><br>**Uttale til detaljregulering for Pelagia Moldefjorden i Selje kommune - Sogn og Fjordane fylke.**<br><br>Syner til brev av 6.11.2019 vedkomne ovannemnde.<br><br>Føremålet med reguleringsplanen er blant anna å leggja til rette for fylling i sjø for å etablere djupvasskai, samt opne for utviding av eksisterande bygningsmassar. Det er konkrete planar for nytt/utviding av fryselager av tilsvarande storleik som eksisterande bygg. Vidare er næringsområdet tenkt nytta til lagring/oppstillingsplass for thermocontainer som skal bli skipa på båt.<br><br>I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Utbygginga vil auke skipstrafikken noko i Moldefjorden. Kystverket har vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farleia «2361-Moldefjorden» eller med navigasjonsinstallasjonar i området.<br><br>Kystverket stiller seg positiv til at Pelagia AS, avd. Selje tar i mot steinmassar frå Stad skipstunnel om denne skipstunnellen vert realisert.<br><br>Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, også må handsamast etter hamne- og farvasslova. Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunen sitt sjøområde og det er kommunen ved Nordfjord Havn IKS som er hamnemynde etter §27 i gjeldande havne- og farvannslov, og etter §14 i ny havne- og farvannslov som trer i kraft frå 1.1.2020. Vi ber dykk ta dette med i føresegnene.<br><br>Med helsing<br><br>Turid Susort Jansen<br>seniorrådgiver<br><br>*Dokumentet er elektronisk godkjent*<br><br>Regionkontor Vest<br>Sentral postadresse: Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND · Telefon: +47 07847 · Internett: www.kystverket.no · E-post: post@kystverket.no<br>For besøksadresse se www.kystverket.no · Bankgiro: 7694 05 06766 · Org.nr.: NO 874 783 242<br>Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson | Kystverket stiller seg positive til planane og har ingen vidare merknader.<br><br>Som kystverket ber om er det presisert i føresegn at kommunen ved Nordfjord Hamn IKS skal vere hamnemynde. |
| 3 | 09.12.2019/ Marit Lillian Moldestad/ 70/16 | **Nordplan AS, Postboks 224**<br>**6771 Nordfjordeid**<br>**Dykkar ref.: May-Britt Drage Bakke**<br><br>**Vedk.; Varsel om oppstart av regulering for Pelagia AS, avd. Selje.**<br><br>Eg viser til motteke varsel, datert 06. november d.å og protesterer mot dei skisserte planene. Det vil bli umogleg å vere fastbuande her på grunn av støy og forureining.<br><br>Pelagia opplyser at det er konkrete planer for nytt/utviding av fryselager på storleik med eksisterande bygg. Sesong mottak av makrell tilseier at fryselager kapasiteten ikkje er sprengt. Ref. opplysning om sending av fersk makrell, m.a. til Stabburet. Eg ser vidare at oppdragsgjevar ønskjer å flytte ein større del av transporten frå vegnettet til sjøvegen. Oppdragsgjevar meinar det vil ha "positiv verknad for busetnad og ferdsel langs fylkesvegen". Ulempene for dei fastbuande ved etablering av container kai for utskiping med båt, blir ikkje nemnt.<br><br>Forslagsstillars vurdering av at desse planene "ikkje gjev vesentlege verknader for miljø eller samfunn" er feil. Steinfyllingar i sjøen, av store mengder tunnelmasse frå den planlagde Stad skipstunnel, vil få konsekvenser for sjøen, området på land og visuelt for heile Moldefjorden.<br><br>Selje kommune har hatt planer fleire stader langs fjorden; Hamreosen/Lesto/Berstad/Hatlenes. No er planene flytta til Moldestad området, men her har vi meir enn nok støy og forureining frå allereie eksisterande aktivitet.<br><br>Med helsing,<br>Marit L. Moldestad<br><br>Marit Lillian Moldestad<br>09. Desember 2019.<br><br>1 | Det har ikkje blitt gjort store endringar i fyllingsplanane som følgje av dette innspelet. I løpet av prosessen har Pelagia inngått samarbeid med kommunen om å ferdigstille planen med ein avtale om at kommunen skal eige fyllingsarealet i vest og Pelagia i aust. Det er vurdert at prosjektet er gjennomførbart og har positive verknader for utviklinga til Pelagia, flytting av tungtransport frå veg til sjø, trafikktryggleik på fv618, etablering av rimeleg kommunalt næringsareal, deponering av tunnelmassar i nær avstand til Stad skipstunnel. Ein ønskjer også å heller utvide eksisterande næringsareal i staden for å ta hol på nye urørte områder for slik etablering.<br>Vurderinga er gjort ut ifrå krav i konsekvensutgreiingsforskrifta der ein i samband med regulering skal gjere ei vurdering av om tiltaket gjev vesentlege verknader for miljø og samfunn. Saken har endra seg sidan varsel om oppstart. Det har blitt laga ein heilt ny sjøarealplan som er vedtatt og har lagt ut eit større areal til næring her mellom Moldestadneset og Klubbeholmen med mål om å også etablere eit kommunalt næringsareal vest for Pelagia. Når ein no planlegg i samsvar med kommuneplanen fell |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | kravet om KU vekk sidan arealet er avklart gjennom kommunedelplan for sjøareal. |
| 4 | 13.12.2019/ SFE/ | Vår dato: 13.12.2019<br>Dykkar dato: 06.11.2019<br>Vår ref: 1503122-1-1<br>Dykkar ref: May-Britt Drage Bakke<br>SFE<br><br>Nordplan AS<br>BP 224<br>6771 Nordfjordeid<br><br>e-post: mb@nordplan.no<br><br>HØYRINGSFRÅSEGN TIL PLANOPPSTART DETALJREGULERING PELAGIA MOLDEFJORDEN<br><br>Vi viser til Dykkar brev av 06.11.2019.<br><br>Det er viktig at ikkje utbygging hindrar tilkomst til eksisterande trafokiosk og tilhøyrande kabelanlegg. Dersom bygget skal utvidast med 8200m2 til totalt 16000m2 så må ein rekne med at der også vil bli eit behov for auka effektuttak..Det er viktig at SFE blir kontakta i tidleg fase dersom ein reknar med auka effektbehov som følgje av utvidinga.<br><br>SFE Nett ønskjer informasjon om utviklinga og framdrifta i saka, slik at vi så tidleg som mogeleg kan gje vidare innspel, om det er nødvendig.<br><br>Om De elles har spørsmål om straumforsyning, kan De ta kontakt med SFE Nett.<br><br>Med helsing<br>SFE Nett AS<br><br>Reidar Hope<br><br>Reidar Hope<br>Seniorrådgjevar | Det er per i dag ikkje gjort avtale med utbyggjarar for det kommunale området, så ein veit ikkje enno kva som vert bygd her. Med dette som grunnlag har ein i planen lagt til rette for at trafoar og el-anlegg kan etablerast formålstenleg ved seinare detaljering slik at ein kan møte dei effektbehova som kjem ut frå framtidig utbygging. Dette betyr at det ikkje er sett av spesifikke områder til trafo, men at trafo kan plasserast fritt innanfor næringsareala der det trengst. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 5 | 13.12.2019/<br>Statens Vegvesen/ | **Statens vegvesen**<br><br>NORDPLAN AS<br>Postboks 224<br>6771 NORDFJORDEID<br><br>Behandlande eining: Region vest<br>Sakshandsamar/telefon: Sivert Faye / 47299448<br>Vår referanse: 19/321797-2<br>Dykkar referanse:<br>Vår dato: 13.12.2019<br><br>**Merknad til varsel om planoppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden i Selje kommune**<br><br>Viser til varsel om oppstart, datert 06.11.2019.<br><br>**Merknader**<br>• Det må leggast inn byggegrense minimum 20 meter frå midtlinje til fylkesvegen.<br>• N100 må leggast til grunn ved utforming av ny tilkomst.<br>• Sikttrekant må visast i plankartet og sikrast i føresegnene.<br>• Tilkomst bør løysast ved utbetring av eksisterande avkøyrsle.<br><br>**Saksopplysningar**<br>Det er varsla oppstart av reguleringsplan for næringsområde Pleagia Moldefjorden. Området ligg på sørsida av Moldefjorden med tilkomst frå fv. 618. Føremålet med planen er å lage djupvasskai, utvide bygningsmasse og vurdere ny og betre tilkomst. Det er ønske om å legge til rette for 40-50 faste heilårsarbeidsplassar og få meir av transporten frå vegnettet over til sjøvegen. Arealet inngår i reguleringsplan for del av Moldestad frå 1977 og er avsett til næring i arealdelen til kommuneplanen. Gjeldande reguleringsplan varslast oppheva.<br><br>Fylkesvegen har ein ÅDT på 450 med 10 % lange køyretøy på strekninga forbi planområdet og fartsgrensa er 60 km/t. Haldningsklasse for vegen er *streng* og tilrådd byggegrense er 50 meter, jf. «2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest».<br><br>**Føringar for planarbeidet**<br>Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjar for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar<br><br>2<br><br>oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.<br><br>Vi gjer merksam på at sams vegadministrasjon avviklast frå 01.01.2020. Statens vegvesen skal dermed ikkje lengre utføre fylkesvegoppgåver på vegne av fylkeskommunane. Statens vegvesen har sektoransvar på transportområdet, og skal framleis vere høyringspart i arealplansaker etter 01.01.2020.<br><br>Planen ser ikkje ut til å kome i vesentleg konflikt med vårt ansvarsområde. Vi har likevel nokre merknader som gjeld byggegrense og tilkomst som må takast med i planen.<br><br>**Vurdering**<br>*Byggegrense*<br>Tilrådd byggegrense på 50 meter i rammeplanen er ikkje aktuell for reguleringsplanen, da det er eit eksisterande næringsområde langs fylkesvegen. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Vi ber om at det leggast inn ein byggegrense 20 meter frå midtlinja i fylkesvegen. Vi ønsker ikkje nye bygningar nærmare vegen enn eksisterande bygg.<br><br>*Tilkomst*<br>Framtidig trafikkmengd, køyretøytype og dimensjonerande køyremåte må vurderast ved planlegging av tilkomsten. Sidan det er planar om å leggje til rette for 40-50 heilårsarbeidsplassar, og det er tungtransport frå området, må ny tilkomst som minimum utformast som avkøyrsle for vogntog, jf. kapittel D.1.4 i handbok N100 Veg- og gateutforming. Ein kan òg vurdere om tilkomsten bør utformast som kryss. Dimensjoneringsklasse Hø2 leggast til grunn. Sjå også rettleiar V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Sikttrekantar må regulerast inn. Vi ber om at vegprofilar leggast ved planforslaget ved høyringa.<br><br>Dersom kaiområdet skal utvidast, bør ein sjå på moglegheitene for å redusere hellinga i avkøyrsla frå fylkesvegen, framfor å etablere ny tilkomst. Viss det er vanskeleg å utbetre eksisterande tilkomst i tråd med krava, er vi positive til dialog for å vurdere forslag til ny tilkomst før planen sendast på høyring.<br><br>Det er ein busslomme i området som er foreslått til ny tilkomst. Ny tilkomst kan ikkje ligge i busslomma. Krysset blir da svært utflytande. Det må da vurderast om busslomma kan flyttast, fjernast eller om tilkomsten kan få ein justert plassering.<br><br>Med helsing<br><br>Torun Emma Torheim<br>Seksjonsleiar<br><br>Sivert Faye | Det er lagt inn byggegrense på 20m frå senterlinja til fv618.<br>N100 er lagt til grunn for all vegprosjektering og avkøyrslene følgjer dei krav som er stilt i denne handboka.<br>Sikttrekantar viser i plankartet og er 4 x 65m som kravd for klasse Hø2.<br>Tilkomst er vurdert at bør vere delt på grunn av plassmangel og vanskar med å sambinde områda på ein måte som oppretteld krav til stigning og svingradius. Ein har også ønskje om å skilje tilgangen til det private og kommunale området.<br>Vedlagde vegprofilar viser gjennomførbare løysingar, men ein har valt å regulere inn berre avkøyrslene slik at ein har fleksibilitet til å plassere vegane formålstenleg på eit seinare tidspunkt sidan ein per no ikkje har avtale med utbyggarar.<br>Begge avkøyrslene oppfyller krava til frisikt og rører ikkje ved busslomma som ligg aust for Pelagia. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 6 | 17.12.2019/ NVE/ | **Fra:** Toralf Otnes<br>**Til:** Randi Husevåg<br>**Kopi:** Selje kommune; May-Britt Drage Bakke<br>**Emne:** NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Pelagia Moldefjorden - Selje kommune<br>**Dato:** tirsdag 17. desember 2019 15.31.13<br><br>Vi viser til varsel om oppstart datert 06.11.2019.<br><br>Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.<br><br>*Flaum, erosjon og skred*<br><br>God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.<br><br>*Vassdrag- og grunnvasstiltak*<br><br>Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.<br><br>*Energianlegg*<br><br>Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.<br><br>Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:<br>• NVE sine karttenester viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.<br>• NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.<br>• NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.<br>• NVE si sjekkliste for reguleringsplan kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.<br>• Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.<br><br>Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.<br><br>NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.<br><br>NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp ti konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen». Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.<br><br>Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.<br><br>Med helsing<br>**Toralf Otnes**<br>Senioringeniør<br>Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga<br>Seksjon: Region vest<br>**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**<br>Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35<br>E-post: toot@nve.no<br>Web: www.nve.no<br><br>NVE handsamar dine personopplysningar i samsvar med personvernregelverket. Sjå korleis ***her***. | Det er gjennomført skredfarevurdering for området som stadfestar at det ikkje er fare for skred av nokon type i området.<br><br>Det er gjennomført geoteknisk grunnundersøking og geoteknisk vurdering for fyllingsområdet i aust ved Pelagia som konkluderer med at utfyllinga er gjennomførbar.<br><br>Det er også under arbeid utgreiing av resterande sjøareal for område VEST og landareal for å avklare forholdet til stabilitet og innhald av kvikleire. Det er avklart med NVE at desse rapportane vert ettersendt når klar og at NVE skal få tilsvarande utvida frist for å vurdere planforslaget samla.<br><br>Havnivå er vurdert gjennom rammeplan for VAO og har fått ei minimums kotehøgd som ein ikkje må etablere tiltak under. Tiltak under denne kotehøgda må i so fall etablerast i vasstett konstruksjon eller i behaldar som toler å stå under vatn. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 7 | 19.12.2019/ Fylkesmannen i Vestland/ | Fylkesmannen i Vestland<br>Vår dato: 19.12.2019 Vår ref: 2019/21144<br>Dykkar dato: 06.11.2019 Dykkar ref:<br>Nordplan As<br>Eidsgata 45<br>6771 NORDFJORDEID<br>Saksbehandlar, innvalstelefon<br>Dag Endre Stedje, 5764 3150<br><br>**Fråsegn til oppstartvarsel for arbeid med detaljreguleringsplan for Pelagia Moldefjorden i Selje kommune**<br><br>Vi viser til oversending dagsett 06.11.2019.<br><br>Formålet med planen er å legge til rette for ei vidareutvikling av dagens næringsverksemd ved Pelagia sitt anlegg i Moldefjorden. Det skal m.a. leggast til rette for utfylling i sjøen for å etablere ein djupvasskai og for å kunne utvide bygningsmassen. Det er konkrete planar for nytt/utviding av fryselager mot aust av tilsvarande storleik som eksisterande bygg, dvs. om lag 90 x 45 x 8-10 meter (lengde/breidde/høgde). Vidare er næringsområdet tenkt nytta til lagring/oppstillingsplass for thermocontainer som skal bli skipa på båt. Mindre utvidingar av lokale for produksjon er også aktuelt innanfor planområdet.<br><br>Planområdet er i hovudsak sett av som eksisterande og framtidig næringsareal i arealdelen til kommuneplanen (BN3), slik at planarbeidet i all hovudsak er i samsvar med overordna plan. Ein mindre del av arealet i aust omfattar LNFR-formål. Det er ikkje på dette tidspunktet avklart om tiltak aust for BN3 er aktuelt, men dette arealet er inkludert i planområdet for vurdering av ny vegtilkomst.<br><br>Det er vurdert at planarbeidet ikkje vert omfatta av KU-forskrifta.<br><br>**Skriv med merknader frå Fylkesmannen til oppstart av reguleringsplanarbeid**<br>Vi brukar eit eige skriv med merknader ved oppstart av reguleringsplanarbeid. For utfyllande merknader knytt til aktuelle fagtema, viser vi til følgjande punkt i skrivet: 1. strandsone, 2. naturmangfald, 6. landskap/ estetikk, 7. grønstruktur, 9. universell utforming, 11. ureining, 12. areal- og transportplanlegging, 13. samfunnstryggleik og beredskap og 14. energi og 15. støy. Kommunen/plankonsulent må sjølv vurdere om det er andre tema i skrivet som er relevante i planarbeidet. Kopi av skrivet ligg vedlagt. **Vi presiserer at desse merknadene i skrivet er å sjå på som ein del av fråsegna vår til oppstartsvarselet, og vi legg til grunn at det kjem tydeleg fram korleis relevante punkt er vurderte.**<br><br>Elles skal som kjent planomtalen mellom anna gjere greie for verknadene planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn (jf. pbl. § 4-2).<br><br>Side: 2/3<br><br>**Natur og miljø**<br>Av oppstartvarselet går det fram at det er tenkt å fylle ut i sjøen for å etablere ein djupvasskai. Dette vil innebere omfattande utfyllingar i sjøen. Utfyllinga vil m.a. skje i to grunne viker, og vi føreset at det vert vurdert kva verknader dette vil få for strandsoneinteressene (friluftsliv, landskap og naturmiljø) i området.<br><br>Å fylle ut i dette området vil m.a. krevje undersøkingar av grunnforholda og stabilitet på sjøbotnen og miljøtekniske undersøkingar for å stadfeste ureiningsgraden. Vurdering av ureining må vere eit sentralt tema i planomtalen (jf. nedanfor).<br><br>Ureining<br>Fylkesmannen vil generelt peike på at når det gjeld reguleringsplanar som opnar for tiltak i ureina område på land eller i sjø skal tiltaka også handsamast etter ureiningslova. **Det er viktig at planframlegget gjer greie for problemstillinga, og at føresegnene viser til krava etter ureiningslova.**<br><br>Dersom det er fare for ureining i grunnen **på land** i område det skal gravast i, må det gjerast undersøkingar for å kartleggje ureiningsfaren i reguleringsområdet. Dersom det er ureina grunn over normverdiane pliktar tiltakshavar å utarbeide ein **tiltaksplan.** Tiltaksplanen skal godkjennast av kommunen, som er lokal ureiningsmyndigheit for bygging og graving i ureina grunn, etter ureiningsforskrifta kap. 2.<br><br>Når det gjeld utfyllingar **i sjøen** vil vi generelt peike på at ureina grunn og fare for spreiing av eventuelle miljøgifter til omgjevnadene er eit viktig vurderingstema. Det har vist seg at ureina sediment er meir utbreidd enn ein tidlegare trudde. Viss det er ein potensiell fare for ureina sediment må reguleringsføresegnene innehalde krav til dokumentasjon av miljøkvaliteten i fyllingsområda før utfylling.<br><br>**Storleiken på tiltaket/utfyllinga er avgjerande for kva undersøkingar som må utførast, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar Handtering av sedimenter (M-350, 2015). Store tiltak > 50000 $m^3$/30000 $m^3$ krev både sedimentgransking og naturkartlegging.**<br><br>Når det skal fyllast ut eller mudrast i område der det er fare for ureina sediment, må **miljøtekniske undersøkingar** stadfeste ureiningsgraden. Dette er viktig for å kunne ta førehandsreglar, og for å setje inn dei rette avbøtande tiltaka som kan hindre spreiing av ureina sediment og miljøgifter til omgjevnadene under mudrings- og utfyllingsarbeidet.<br><br>Ved mudring og/eller dumping **frå lekter/båt** og ut i sjø vil tiltaket alltid krevje løyve frå Fylkesmannen etter ureiningsforskrifta kap. 22. **Ved tiltak der det er påvist ureining**, vil mudring og/eller utfylling **frå land** til sjø krevje løyve frå Fylkesmannen etter ureiningslova § 11. Tiltakshavar må fylle ut eit eige søknadsskjema om løyve til mudring og/eller dumping i sjø og vassdrag, som i begge tilfella skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.<br><br>Det er viktig at nødvendige avbøtande tiltak for å sikre mot spreiing av ureining og miljøgifter, både på land og i sediment i sjøen, blir avklarte og gjennomførte.<br><br>**Vi føreset at det i nødvendig grad vert innarbeidd krav i reguleringsføresegnene om undersøkingar for å kartlegge ureiningsgraden på land og i sjø, og konkrete krav til avbøtande tiltak i reguleringsføresegnene for å hindre spreiing av eventuelt ureina sediment og miljøgifter.** | Strandsone: Det er lagt inn byggegrense til sjøen på 10m. som ein konsekvens av utfyllinga vert området meir privatisert enn det er i dag. Planområdet er avklart som næringsareal i kommunedelplan for sjøareal og er avklart i plan på førehand. Planlegginga er i samsvar med arealdelen.<br>Naturmangfald: er vurdert og kjem fram av planomtalen. Området er ikkje gjenstand for innhald av raudlista artar.<br>Landskap/estetikk: Det er gjort grep for å styre at høgaste bygg kjem nærast fv618 og lågaste bygg kjem nært sjøen. Dette gjev ei naturleg avtrapping i byggehøgde og fører til ei meir dempa utbygging enn viss ein hadde same byggehøgde på alt areal. Illustrasjonar i planomtalen viser dette.<br>Grønstruktur: Som næringsareal har ein ikkje sikra store grøntareal innanfor næringsformåla, men ein har sikra vegetasjonsskjermar både i aust og vest som skjermar mot innsyn og dempar inntrykket mot naboar.<br>Universell utforming: prinsippa for universell utforming skal leggast til grunn i så stort omfang som mogleg. Dette er sikra i føresegn.<br>Ureining: Miljøgeologiske undersøkingar er gjennomført for område AUST. Rapporten konkluderer med at tiltaket lite sannsynleg vil medføre spreiing av miljøgifter. Det skal gjennomførast slike undersøkingar i sjøen for område VEST også. Desse vert ettersendt når klar og Statsforvaltaren vil få tilsvarande utvida frist til å vurdere planforslaget. Ein legg til grunn at ein får tilnærma like resultat i VEST.<br>Areal- og transportplanlegging: planforslaget legg opp til at all tungtransport frå Pelagia skal flyttast frå veg til sjø. Dette er positivt for trafikktryggleiken på fv618 og klimaavtrykket til bedrifta.<br>Samfunnstryggleik og beredskap: ROS-analyse ligg ved planforslaget.<br>Energi: Byggverk skal lokaliserast, plasserast og/eller utformast med omsyn til energieffektivitet, avhengig av lokale tilhøve. Plassering og lokalisering av bygg må difor vurderast mot terreng/ landskap, dominerande vindretning, sol og vegetasjon/ lebelte.<br>Støy: Det er i føresegn stilt krav om maksimum tillate støynivå i samsvar med støyretningslinjene /T-1442/2021). |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Side: 3/3<br><br>Med helsing<br><br>Egil Hauge<br>seksjonsleiar<br><br>Dag Endre Stedje<br>seniorrådgjevar<br><br>*Dokumentet er elektronisk godkjent*<br><br>Kopi til:<br>Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2 6863 LEIKANGER<br>Selje kommune Kommunehuset 6740 SELJE | | |
| 8 | 17.12.2019/ Bente og Arne Vik/ 270/29 | Bente og Arne Vik<br>Slagnes<br>6146 Åheim<br>17.12.2019<br><br>Nordplan AS<br>PB.224<br>6771 Nordfjordeid<br><br>**Merknader til oppstartvarsel for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden.**<br><br>Viser til varsel om planoppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden, datert 06.11.2019. Vi er eigarar av gnr 70, br. 29, som ligg på Klubbeholmen, aust for planområdet. På fritidseigedomen er det oppført ei hytte frå 1964. Eigedomen framstår som idyllisk, blant anna med eiga strandlinje, havutsikt, bade- og fiskemuligheter.<br><br>Planane om utvida drift og betydelig auka bandlagt areal er vi sterkt imot. Dei planlagte tiltaka vil påverke landskap, tap av strandsone, forringa bruks- og omsetningsverdi for dei nærliggande eigedomane.<br><br>I tillegg har vi følgande merknadar til planoppstarten til detaljregulering:<br><br>**1.) Støv, støy og luktutfordringar**<br>Det er i dag allereie støyplager når det er aktivitet på anlegget. Ei utviding av området og auka aktivitet vil forverre støyplagene, både i intensitet og hyppighet. Vidare at økt aktivitet vil kunne medføre både støv og luktutfordringar i tillegg.<br><br>**2.) Visuell forringelse**<br>Det skisserte arealet/området for utfylling av kaiområdet framstår særdeles ufordelaktig for nærliggande eigedomar aust for planområdet. Dette grunna at utforminga stikk langt ut i sjøen og er tett på eigedomar og LNF-område. Dette vil dermed medføre at formålet med LNF-området og bruksverdien av fritidseigedomen blir betydeleg forringa.<br><br>**3.) Tilkomst**<br>Vi ser negativt på endra tilkomst frå vegen. Tilkomst i aust vil medføre at all trafikk til og frå planområdet vil komme tettare på.<br><br>Vennlig hilsen<br><br>Bente og Arne Vik | | <u>Støv, støy, lukt</u>:<br>Det er sett krav i føresegnene om at maksimum tillate støynivå skal vere i samsvar med støyretningslinjene.<br>Ein vurderer luktutfordring i området til å ikkje bli vesentleg endra frå dagens tilstand. Temaet ville vore vekta tyngre ved ei nyetablering i urørt område, men her er det allereie etablert fiskeindustri.<br><u>Visuell forringelse</u>:<br>Det er lagt inn vegetasjonsskjerm mot naboar i aust og vest for å skjerme mest mulig mot innsyn til området.<br><u>Tilkomst</u>: Det vert ikkje endra tilkomst som følgje av reguleringsplanen. Dette har ein gått bort ifrå då ein har sett av innspel at naboar ikkje har interesse i dette. Tilkomst vert på same plass som i dag. |

<table>
<tr>
<td>9</td>
<td>20.12.2019/<br>Fiskeridirektoratet/</td>
<td>

FISKERIDIREKTORATET

Adm.enhet: Kyst og havbruksseksjonen i region Vest<br>
Saksbehandler: Martin Mathisen<br>
Telefon: 957 23 431<br>
Vår referanse: 19/16715<br>
Deres referanse:<br>
Dato: 20.12.2019

Nordplan AS<br>
Att: May-Britt Drage Bakke<br>
Postboks 224<br>
6771 NORDFJORDEID

**Selje Kommune Sogn og Fjordane - Varsling planoppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden**

Vi viser til mottatte brev av 06.11.2019 om ovennevnte sak.

Fiskeridirektoratet er styresmaktenes rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning. I saker som kan få følger for disse næringene, er det vårt ansvar å sikre deres interesser samtidig som vi skal sikre det marine biologiske mangfoldet. De marine leve- og oppvekstområdene er særlig viktige å ta vare på slik at også framtidige generasjoner kan fortsette å høste fra havet.

Det er ingen fiskerirelatert arealbruk i planområdet, det er heller ingen registrerte marine naturtyper.<br>
I Moldefjorden ligger et fiskefelt der det drives med notfiske etter sei og sild. I Øygardsvika like ved ligger en registrert låssettingsplass for sild, makrell og sei. Av særlig bevaringsverdige naturtyper er det registrert flere bløtbunnsområder og ålegrasenger. Dette kombinert med at hele fjorden er preget av sterke tidevannsstrømmer indikerer at fjorden har et naturmangfold som er av betydning for økosystemet som bærer fram grunnlaget for fiskerier i området. Med tanke på de sterke strømforholdene i området er det særlig viktig å sette inn avbøtende tiltak i forbindelse med utfylling i sjø.

Kystnære fiskeridata er å finne i vårt kartverktøy Yggdrasil.

**Av hensyn til fiskefelt, låssettingsplass og marint biologisk mangfold må det settes bestemmelser om avbøtende tiltak mot spredning av finpartikler i forbindelse med utfylling av dypvannskaien.**

Ber om å få planforslaget på høring.

FISKERIDIREKTORATET Postadresse: Postboks 185, 5804 Bergen \| Telefon: 55 23 80 00<br>
Organisasjonsnr: 971 203 420 \| E-postadresse: postmottak@fiskeridir.no \| Internett: www.fiskeridir.no

Med hilsen

Leni Marie Lisæter<br>
seksjonssjef

Martin Mathisen<br>
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.*

</td>
<td>Det skal gjennomførast avbøtande tiltak som hindrar spreiing av finpartiklar i samband med fylling i sjø. Eksempel på aktuelle tiltak er siltgardin.</td>
</tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| 10 | | Vestland fylkeskommune<br>**Strategisk utvikling og digitalisering**<br>SUD - Plan, klima og folkehelse<br>**Vår referanse** 2020/670-1<br>**Dato** 24.01.2020<br><br>NORDPLAN AS<br>Postboks 224<br>6771 NORDFJORDEID<br><br>Svar - melding om oppstart - detaljregulering for Pelagia Moldefjorden<br><br>Vi viser til oversending dagsett 06.11.2019 og til avtale med May-Britt Drage Bakke om utsett frist til 22. januar.<br><br>Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for fylling i sjø for å etablere djupvasskai og opne for utviding av eksisterande bygningsmasse. Planområdet er i hovudsak vist som eksisterande og framtidig næringsareal i KPA, aust og vest for eksisterande industri. Ein mindre del av arealet i aust omfattar LNFR-formål.<br><br>**Kulturminne**<br>Vestland fylkeskommune gjev uttale som regional kulturminnemynde.<br><br>Tiltakshavar ynskjer fylling i sjø for å etablere djupvasskai. Fylling i sjø inneber m.a. utfylling av bukta aust for dagens utbygging. Det er plan for utviding av eksisterande bygningsmasse mot aust i tilsvarande storleik som eksisterande, om lag 90 x 45 x 8-10 m. I tillegg er dette området tenkt nytta til lagring/oppstillingsplass for thermocontainer som skal skipast på båt. Det er også aktuelt med mindre utvidingar for produksjon i planområdet.<br><br>Det er ikkje planlagt nye tiltak vest for eksisterande industri, og det er opplyst at her kan planen vise eksisterande bruk av areal som er landbruk.<br><br>**Bakgrunn**<br>Det var kjennskap til gravrøysene i området då verksemda vart etablert her. Ei gravrøys vart gravd ut i 1987 i samband med ei utviding av industriområdet. På landsbasis vart det i 1990 stort fokus på at gravrøyser hadde blitt fjerna i stor skala, og det medførte at kulturminneforvaltinga generelt sett vart svært restriktive til fjerning av slike gravminne. Samstundes vart det endå større fokus på å ta vare på landskapet omkring gravrøyser og andre automatisk freda kulturminne, m.a. som del av opplevingsverdien til kulturminna.<br><br>Både tiltakshavar og kommunen er kjend med dei automatisk freda kulturminna i dette området. Regional kulturminneforvaltning har sidan tidleg på 1990-talet vore tydeleg på at landskapet aust av dagens utbyggingsområde må takast vare på. Konkret gjeld det å ta vare på bukta slik ho ligg aust for dagens industriområde.<br><br>I dialog med verksemda har vi sett ei grense for utbygging slik det går fram av dagens flyfoto, sjå vedlegg. Vedlagte flyfoto viser landskapssituasjonen før industribedrifta blei grunnlagt og i dag. Då vi i 1994 fremja motsegn til ein ny reguleringsplan med utviding mot aust, var det for å ta vare på landskapet og tilhøyrsle til landskapet for dei automatisk freda kulturminna aust av planområdet. Vi gjekk imot utfylling av bukta og endring av landskapet sør for bukta.<br><br>Her valde Selje kommune å eigengodkjenne reguleringsplanen utan dialog med fylkeskommunen i forkant. Det kom fleire år seinare fram eit kompromiss der tiltakshavar kunne lage pir, men ikkje utfylling av bukta.<br><br>Kulturminneforvaltinga har heile tida vore tydelege og føreseieleg når det gjeld dei kulturhistoriske verdiane som dei automatisk freda kulturminna representerer og at landskapet rundt dei må takast vare på.<br><br>Gravrøyser er synlege bevis på det førhistoriske samfunnet i bronse- og jarnalder, og inneheld opplysningar om eigedomsforhold, sosiale og politiske forhold. Det gjeld på lokalt nivå, men opplysningane er svært ofte også viktige på regionalt og nasjonalt nivå. Ved Moldefjorden er det registrert forholdsvis mange gravrøyser, og det har rimelegvis samanheng med den strategiske lokaliseringa sør for det vêrutsette Stad. Samanhengen mellom kulturminne og landskap er heilt vesentleg også for å forstå det førhistoriske samfunnet, og denne samanhengen må takast vare på for kommande slekter.<br><br>Automatisk freda kulturminne og kulturmiljø har opplevingsverdi for dagens og for kommande generasjonar i tillegg til at dei har vitskapleg kjeldeverdi. Når det etter anna lov vert gjort vedtak som påverkar kulturminneinteressene, skal det leggast vekt på formålet i kulturminnelova, jf. § 1.<br><br>**Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet**<br>Vi minner om at kulturminne inngår som del av ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting, jf. lov om kulturminne § 1. Automatisk freda kulturminne er av nasjonal verdi. Gravrøysene aust for dagens bygg er automatisk freda, jf. kml § 4. Vår vurdering er at gravrøysene blir utilbørleg skjemma av skisserte tiltak aust for dagens industriutbygging.<br><br>Det er forbod mot utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne, jf. kml § 3. Utilbørleg skjemming er tiltak som i vesentleg grad endrar omgjevnadane til automatisk freda kulturminne og slik svekker opplevinga og forståinga av dei. Forbodet gjev kulturminneforvaltinga heimel til å påverke utforminga av ein arealplan for å ta vare på kulturminne i landskapet. Sjå også https://www.riksantikvaren.no/veileder/veileder-utilborlig-skjemming/<br><br>Omsynet til kulturminne og landskapet må ha større fokus enn tilfellet er i planmeldinga. Under pkt. 3.7. skulle såleis omsyn til dei automatisk freda kulturminna vore nemnt då tiltaket vil ha vesentlege negative konsekvensar for dei, jf. KU i samband med kommuneplan.<br><br>Vi meiner at bukta rett aust for eksisterande verksemd og landskapet sør for denne bukta må bevarast slik det er i dag. På den måten blir den viktige samanhengen mellom kulturminna og landskapet teken vare på. Det at kulturminne og landskapet blir bevart saman gjer det mogleg for folk i dag og i framtida å oppleve og forstå denne samanhengen. Vi meiner at ein eventuell ny tilkomst til området, som vist i planmeldinga, ikkje kan aksepterast. Det er allereie svært knapt areal ved gravrøys ID35489-1.<br><br>Gjeldande arealdel vart lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn i juni 2016. Med bakgrunn i KU der det vart påvist størst negative konsekvensar for kulturminne og for landskap, men også negative konsekvensar for naturmangfald, nærmiljø og friluftsliv, barn og unge, jordvern, vart det aktuelle området aust for eksisterande industriområde ikkje lagt ut til næringsområde.<br><br>Nytt utkast vart lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn i mars 2017. Det aktuelle arealet i aust hadde då vorte teke inn som næringsområde. Delar av det området som då vart tatt inn i planen, var større enn det arealet som vart konsekvensvurdert, sjå illustrasjonar under. | I løpet av prosessen har det blitt vedtatt ein sjøarealplan for Stad kommune som tek for seg dette næringsarealet. Fylkeskommunen hadde motsegn til denne planen også. I dialogmøte med kommunen 02.03.22 har fylkeskommunen trekt motsegna si og kome fram til løysingar det kan einast om:<br>1. Kaiareal VHS24 er teke ut av planframlegget. Fylling og kaianlegg blir etablert innanfor BN23, utvida mot nord, jf. kommunestyrevedtak av 17.2.2022.<br>2. Konsekvensane for dei automatisk freda kulturminna på Klubbeholmen blir gjort grundig greie for i detaljreguleringsprosessen.<br>3. I detaljreguleringsprosessen skal det avklarast og vere semje om avbøtande tiltak: vegetasjonssone, buffersone, anleggshøgde og retning (utfylling, kai, anlegg, bygg og vurdert byggutviding mot nord).<br>Desse punkta er følgt opp og nærare omtala i planomtalen, men dei overordna grepa ein har gjort er:<br>1. vegetasjonsskjerm mellom Pelagia og Klubbeholmen som skjermar mot innsyn.<br>2. Avtrappa byggehøgder på området med høge høgder nærast fv618 og låge høgder fremst mot sjøen.<br>3. Byggegrense mot sjøen på 10m.<br><br>Det skal gjennomførast arkeologisk registrering på land for alt landareal som vert regulert til utbyggingsareal. Det er avklart med fylkeskommunen at dette vert ettersendt når klart, men må vere gjennomført før vedtak av plan!<br><br>Bergen sjøfartsmuseum trakk uttalen sin om registrering i sjø, så det er ikkje gjennomført slik registrering i denne prosessen. |

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>

Saknr: 2020/670-1 Side 3 av 5



Området som vart konsekvensutgreidd i KU



Området som låg ute til 2. gongs offentleg ettersyn og vart vedteke i gjeldande arealdel

Dette meiner vi er eit vesentleg avvik i høve KU, i og med at det vert meir tydeleg i synsfeltet og har vesentleg konsekvensar for innsyn og utsyn frå dei automatisk freda kulturminna.

<u>Vurdering etter KU-forskrifta § 10</u>
Vi meiner tiltaket kjem inn under § 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Bakgrunnen for det er at tiltaket anten kjem inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar nr 7. Næringsmiddel-industri eller nr. 11. Andre prosjekter bokstav j) Næringsbygg.

I bokstav a, 2. setning er det eit unntak for «reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan, og der reguleringsplanen er i samsvar med den tidligere planen». Vi vil her vise til vurderinga vår over om tilhøvet til KU i overordna plan. I tillegg også at det i planinitiativet no er tatt inn areal for avkøyrsle som ligg som LNF-område i gjeldande plan og som då er i strid med overordna plan.

Vi meiner også at det konkrete tiltaket ikkje er tilstrekkeleg utgreidd i overordna plan. Jf. § 8 bokstav a). Detaljeringsgraden på opplysningane då var ikkje tilstrekkeleg til å kunne fastslå at tiltaket ikkje ville kunne få vesentleg verknader for kulturminna og for landskapet.

<u>Vurdering etter KU-forskrifta § 10</u>
Går vi vidare til § 10 meiner vi at tiltaket heilt klart vil kunne ha vesentlege verknader for automatisk freda kulturminne, jf. tredje ledd bokstav a og b. Vi meiner dei skildringane og opplysningane vi kjem med lenger oppe i brevet, klart viser at tiltaket kan få vesentlege verknader for kulturminne og kulturmiljø. Som del av denne vurderinga ligg og bestemmingane i kml § 3 om forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne, inkludert utilbørleg skjemming.

**Med bakgrunn i vurderingane over meiner vi at vesentlege negative konsekvensar på dei freda kulturminna, inkludert landskapsverknaden av tiltaket, må konsekvensutgreiast. Konsekvens-utgreiinga må omfatte alle tiltak aust og nord av eksisterande utbygging.**

**Når vi får inn utkast til detaljregulering vil vi vurdere dei konkrete løysingane i detaljregulerings-planen og deira verknad på kulturminna og omgjevande landskap. Vi varslar med dette at vi vil vurdere motsegn mot planen i forhold til negative konsekvensar for kulturminne og landskap.**

Vi vil vidare understreke at vi tilrår ei utviding av industriområdet mot vest, slik vi også skreiv i samband med kommuneplanen. Ei utviding mot vest er meir framtidsretta i forhold til framtidige utvidingar av industrien. Her er langt meir areal tilgjengeleg enn i aust.

Vi vil minne om gjennomføring av kml §9 i planområdet. Nærare opplysningar om kulturminne-registrering blir sendt i eige brev.

Vi føreset då at naudsynte kulturminneregistringar blir utført og at det har vore ei handsaming av forholda til eventuelt påviste automatisk freda kulturminne, sjå kml § 9 og 8. Her er primært potensiale for automatisk freda kulturminne som førhistoriske naust, åkrar og gardshus i samband med landbruk i bronse- og jarnalder. Nærare opplysningar om kulturminneregistrering blir sendt i eige brev.

</td>
<td></td>
</tr>
</table>

**Merknader frå Bergen Sjøfartsmuseum**
Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld detaljregulering av industriområde ved Moldefjorden, gbnr. 70/17-18, m. fl. i Stad kommune. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligg derimot i eit prioritert område for marine kulturminne. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderer me derfor for å være til stades.

Bergens Sjøfartsmuseum varslar at me som vedkommande mynde etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet, når saka kjem på høyring. Etter §§ 9 og 10 i kulturminnelova har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum om gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

**Konklusjon**
Utviding av industriverksemda mot aust vil kunne få store negative konsekvensar for automatisk freda kulturminne. Planen legg opp til vesentlege endringar av landskap i forhold til automatisk freda kulturminne.

Vår vurdering er at tiltaket kjem inn under forskrift om konsekvensutgreiing §§ 8 og 10, og at det difor ligg føre eit krav om gjennomføring av konsekvensutgreiing for å avklare konfliktane mot dei automatisk freda kulturminna. Gode illustrasjonar med visualisering av landskapsverknader og konkretisering av tilhøvet mellom næringsområdet og kulturminna vil vere ein sentral del av dette. Inkludert også framlegg til moglege avbøtande tiltak, for eksempel i form av utviding av verksemda mot vest, tilbaketrekking av kaifront og plassering av og høgd på bygningar.

Vi varslar at vi vil vurdere motsegn mot planen i forhold til negative konsekvensar når det gjeld tiltak som ny tilkomst samt utfylling av bukta i austre del av området og oppføring av bygg og bruk av arealet som oppstillingsplass for containerar.

Vi meiner at ei utviding av industriområdet i staden må skje mot vest.

Vi viser også til uttalen frå Bergen Sjøfartsmuseum om feltundersøking.

Med helsing

Marianne Bugge
Seniorrådgjevar

Torbjørn Hasund
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi:
Fylkesmannen i Vestland
Stad kommune

Sakshandsamarar:
SUD - plan, klima og folkehelse - Torbjørn Hasund
KII - kulturarv - arealplan - Berit Gjerland

**Vedlegg**



Flyfoto frå 1969 viser dåverande landskap og dei registrerte gravrøysene. Legg merke til plasseringa av gravrøysene på framtredande nes i landskapet. Ei gravrøys ligg også ved landingsplass ved ei strand og ei ved eit tun.



Flyfoto som viser dagens situasjon. Det er viktig å ta vare på bukta og landskapet aust for eksisterande industri. Ei utviding av verksemda må skje vestover. Gravrøysa på industriområdet er utgravd.